

Konsert med eit variert program i Uskedal kyrkje, måndag 25. november.

20.11.2019



Velkomne til ein variert konsert i Uskedal kyrkje måndag 25. november kl. 19.00.

**Måndag 25. november er det på nytt konsert i Uskedal kyrkje kl. 19.00. Programmet inneheld 17 innslag, variert med alt frå korsong, orgel, fløyte, saksofon til allsong med O. happy day. Kantor Eva Megyesi har regien og med seg har ho kyrkjekoret Nordsaang, Kristine Hestad, Kirill Zimin, Svein Rimestad og Kristian Bringedal.**

Eva Megyesi skriv at det blit ein vakker konsert med eit variert program og mange aktørar. Kirill Zimin på saksofin framfører litt jazza musikk, mellom anna Softly as in å morning sunrise og All of me.

Kristine Hestad på fløyte spelar amerikansk kristen musikk saman med Eva Megyesi på klaver. Svein Rimestad og Kristian Bringedal syng i duett Jag har hørt om en stad, eigentleg ein russisk folketone med svensk tekst, skriven av Eva Lithell. Songen vart framført i kyrkja nyleg med tonefylgje av Uskedal Musikklag. No er det Eva Megyesi som splear til på piano.

Kantoren spelar mellom anna Toccata og fuge, skriven av mannen hennar Pawel. Til no er berre Fuga framført i Uskedal kyrkje. No kjem Toccata også som er skriven på den vakre melodien/salmen Alltid freidig når du går.

Kyrkjekoret Nordsaang syng nytt stoff på denne konserten, mellom anna songen DU med tekst av Jakob Sande frå 1961 og melodi av Karete Stenseth frå 1992. Monika Valstad er solist.

Konseten vert avslutta med litt gospel og den kjende O, happy day.

Velkomne til ein kjempeflott konsert. Inngang. kr. 100,-

Tekst/ Eva Megyesi/ Kristian Bringedal

Foto: Frå plakaten

Nett: Kristian Bringedal